Ulstein kommune

Smittevernplan

2026-2030



ULSTEIN KOMMUNE

Vedteken av Ulstein kommunestyre i K-sak 84/26 i møte 22.10.2026

Innhald

Føremål 2
Rettsleg grunnlag 2
Organisering, ansvar og mynde 2
Smittesituasjonen i Ulstein kommune 3
Smittevern i normal drift 3
Smittevern i beredskap og ved utbrot 4
Informasjon og kommunikasjon 4
Internkontroll, planforvaltning og revisjon 4
Vedlegg 5

Føremål

Smittevernplanen skal sikre at Ulstein kommune førebyggjer, oppdagar og handterer smittsame sjukdommar på ein forsvarleg og samordna måte i normal drift og beredskapssituasjonar.

Planen skal bidra til:

- verne befolkninga mot smittsame sjukdommar
- legge til rette for raske og målretta tiltak ved utbrot
- avklare ansvar og roller



Rettsleg grunnlag

- Smittevernlova
- Helseberedskapslova
- Folkehelselova
- tilhøyrande forskrifter (vaksinasjon, tuberkulose, IHR, smittevern i helse- og omsorgstenesta, NOIS, antibiotikaresistens)

Organisering, ansvar og mynde

Kommunestyret har det overordna ansvaret for smittevernet i kommunen, jf. smittevernlova § 7-1. Kommunestyret har delegert ansvaret til kommunedirektøren, som vidare har delegert det operative og administrative ansvaret til kommunalsjef for helse og omsorg.

Det faglege og administrative smittevernansvaret er vidare delegert til kommuneoverlegen og det operative arbeidet til ass.kommuneoverlege. Desse to fyller rolla som smittevernlege etter smittevernlova § 7-2 og er vara for kvarandre. Vidare i dokumentet blir smittevernlegen brukt.

Smittevernlegen har ansvar for å leie og samordne smittevernarbeidet i kommunen, både i normal drift og i beredskap. Smitteverntiltaka skal planleggast, gjennomførast og evaluerast i tråd med gjeldande regelverk.

Arbeidet omfattar kontinuerleg oversikt over smittesituasjonen i kommunen, vurdering av meldingspliktige sjukdommar, rådgiving til kommunal leiing og koordinering av tiltak ved mistanke om eller ved utbrot av smittsam sjukdom. I arbeidet kan det vere naudsynt med samarbeid med Folkehelseinstituttet, Statsforvaltaren, Mattilsynet og helseføretak.

Sjukeheimslegane har ansvar for smittevernarbeidet på sjukeheimen. Dei oppdaterer infeksjonskontrollprogrammet og leiar smittevernarbeidet på institusjonen i samarbeid med hygienesjukepleiar.

Fastlegar og legevaktslegar har ansvar for diagnostikk, behandling, smitteoppsporing og melding av smittsame sjukdommar i tråd med smittevernlova og MSIS-forskrifta.

Helsestasjonen har ansvar for førebyggande arbeid, vaksinasjon og tuberkulosekontroll av definerte grupper.

Leiarane i helse- og omsorgstenesta elles har ansvar for smittevern i institusjonar og heimetenester, inkludert etterleving av forskrift om smittevern i helse- og omsorgstenesta.

Teknisk sektor har ansvar for trygg drift av drikkevassforsyning og avløp.

Roller og kontaktinformasjon er spesifisert i eige vedlegg som blir oppdatert årleg.

Smittesituasjonen i Ulstein kommune

Ulstein kommune er ein kommune som har hatt stor vekst i innbyggartalet og har stor næringsaktivitet. Folkeveksten kjem i hovudsak frå arbeidsinnvandring og busetting av flyktningar. I tillegg har kommunen i lange periodar hatt asylmottak. Dette saman med reiseaktivitet gir smittevernutfordringar knytt til førebygging, vaksinasjon, antibiotikabruk og resistens, tuberkulosekontroll og handtering av smitte som kan vere importert frå andre land.

Den største smitterisikoen for innbyggarane i kommunen er vanlegvis knytt til vanlege luftvegsinfeksjonar, seksuelt overførbare infeksjonar og mat- og vassborne infeksjonar. Kjennskapen til infeksjonsepidemiologien i kommunen er forbetra etter utviklinga av KoSy. KoSy gir støtte til kontinuerleg overvaking av data.

Når det gjeld framtidige utfordringar er det grunn til å tru at det som gjeld nasjonalt, også vil gjelde vår kommune. Smitte respekterer verken kommune eller landegrenser. Innsatsområda bør vere å oppretthalde god vaksinasjonsdekning, hindre utviklinga av antibiotikaresistens, og fylgje med på kva smitte som spreier seg nasjonalt og internasjonalt.

På Ytre-søre sunnmøre er antibiotikabruken høgre enn landssnittet. Helsepersonell i kommunen har dei siste åra jobba med å få til rett bruk jamfør nasjonale retningslinjer og dette har ført til ein redusert bruk. I løpet av dei siste 15 åra er antibiotikabruken i kommunen halvert. Vi ligg no under nivået til dei nærmaste nabokommunane, men vi vil framleis jobbe vidare med forbetringsarbeid.

I tråd med forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid, er det utarbeidd overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen. Kommuneoverlegen deltok i denne. Denne analysen er nytta som grunnlag for denne planen. To av hendingane (pandemi, forureina drikkevatn) er av ein slik karakter og omfang at beredskapen for smittevern blir særleg aktuelt, men også fleire av dei andre scenarioa kan få konsekvensar for smittevernet.

Smittevern i normal drift

Ulstein kommune skal sikre systematisk førebygging av smitte gjennom vaksinasjon, gode hygienerutinar, målretta helseopplysning og forsvarleg drift av kommunale tenester.

Kommunen har tilsyn etter folkehelselova med verksemder som skular, barnehagar, overnattingsstader og bassengbad, der smittevern inngår som ein integrert del av tilsynet.



Vaksinasjon er eit sentralt verkemiddel i det førebyggande smittevernarbeidet. Helsestasjonen har ansvar for gjennomføring av både barnevaksinasjonsprogrammet og vaksenvaksinasjonsprogrammet. Vi jobbar for høg vaksinasjonsdekning i alle grupper. Både helsestasjonen og fastlegane tilbyr vaksinar utanfor program, inkludert reisevaksinar. Kommunen sikrar at tilsette har tilrådde vaksinar som del av arbeidsgjevaransvaret. I tillegg til kommunale tilbod, tilbyr også privat helseteneste og apotek vaksinering.

Tenesta for psykisk helse og rus har ansvar for utdeling av reint brukarutstyr til rusmisbrukarar.

Diagnostikk og behandling av smittsame sjukdommar skjer i fastlegepraksis eller i spesialisthelsetenesta. Meldings- og varslingsplikta er ein del av arbeidet. Smittevernlegen skal varslast ved alvorlege eller uventa smittehendingar og sørgjer for vidare varsling til Folkehelseinstituttet og Statsforvaltaren ved behov.

Hovudkjelda til fagleg bakgrunnsinformasjon for tilsette skal vere nettsidene til folkehelseinstituttet.

Smittevern i beredskap og ved utbrot

Ved mistanke om eller påvist utbrot av smittsam sjukdom skal kommunen raskt vurdere behov for smitteverntiltak. Tiltaka skal vere fagleg forsvarlege, samhøvande med risikoen og heimla i smittevernlova. Det skal takast ein særleg omsyn til behova til born og unge i tiltaka. Smittevernlegen leier smittevernarbeidet og kan, ved behov, fatte hastevedtak etter smittevernlova. Dersom situasjonen krev det, blir kommunal kriseleiing etablert i samsvar med den overordna beredskapsplanen.



Tiltak ved utbrot kan omfatte testing, smitteoppsporing, isolering, karantene, vaksinering eller annan førebyggande behandling, samt tilpassa informasjon til innbyggarane og involverte verksemder. Ved behov blir det oppretta kontakt med FHI for fagleg rettleiing. Ved hendingar knytt til næringsmiddel eller drikkevatn skal det vere tett samarbeid med Mattilsynet og teknisk sektor. Prosedyrar for handtering av ulike typar utbrot er konkretiserte i eigne vedlegg.

Informasjon og kommunikasjon

Smittevernlegen har fagleg ansvar for informasjon ved smittehendingar. All ekstern informasjon skal koordinerast med kommunikasjonsansvarleg. Informasjon til innbyggarane skal vere korrekt, tydeleg og tilpassa situasjonen, samstundes som omsynet til teieplikt og personvern blir ivareteke. Kommunen skal nytte eigna kommunikasjonskanalar for å nå relevante målgrupper og førebygge feilinformasjon og uro.

Internkontroll, planforvaltning og revisjon

Smittevernplanen er ein del av internkontrollen og kvalitetsstyring innan helse og beredskap. Smittevernlegen er ansvarleg for oppdatering av planen og i samsvar med gjeldande lovverk og nasjonale føringar. Kommunestyret vedtek planen.

Kontaktlister, varslingsrutinar og operative vedlegg skal gjennomgåast og oppdaterast årleg. Hovudplanen skal vurderast revidert minimum kvart fjerde år, eller oftare ved vesentlege endringar i smittesituasjon, organisering eller regelverk. Planen er tilgjengeleg i kvalitetssystemet og skal vere kjend for relevante leiarar og samarbeidspartar.

Vedlegg

1. Kontakt- og varslingsliste
2. Tuberkulosekontrollprogram
3. Infeksjonskontrollprogram
4. Tiltakskort pandemi
5. Prosedyre for vassbåren smitte
6. Prosedyre for matbåren smitte
7. Prosedyre for dråpesmitte
8. Prosedyre for inokulasjonsmitte

Vedlegga ligg i kvalitetssystemet til kommunen tilgjengeleg for tilsett. Om andre har behov for dei, ta kontakt så kan de få ein kopi.



Håndhygiene uansett –
også mot antibiotikaresistens

Utarbeidet i samarbeid med Nasjonal arbeidsgruppe for basale smitteverntiltak

TEGNEHANNE FOR FHI
Folkehelseinstituttet